

Orientering om arbeid med å arbeida fram ny søknad *Alternative dreneringsmåtar* til utlysinga *Forskningsmidlar for jordbruk og matindustri* med søknadsfrist 10.april 2019.

Prosjektsøknaden *Alternative dreneringsmåtar*--- var ikkje av dei som vart innvilga av styret i Forskningsmidlar for jordbruk og matindustri ved søknadsrunden i 2018. Prosjektsøknaden fekk god vurdering av fagpanelet som gjekk gjennom og vurderte, og som vi fekk tilbakemelding på 09.01.2019. I grunngeving for avslag står det: «Styrene vurderte søknadene ut fra vitenskapelig kvalitet, relevans mot prioriteringene i utlysningen og nytteverdi for næringen. Styrene har, med mål om å ivareta tematisk bredde i innvilgning og prosjektportefølje, foretatt en helhetlig vurdering av alle søknadene. Dette, i tillegg til den økonomiske rammen, danner grunnlaget for styrenes innvilgning.»

Ut frå problemstillingane som søknaden tek opp, i skjeringspunktet mellom agronomi og miljø, er det nærliggjande å arbeida vidare med søknaden ut frå samtalanane vi har hatt med nokre av dei som støtta prosjektsøknaden sist. Det er då aktuelt å fremja ein tematisk nærskylt søknad til komande utlysingsrunde som er framskunda til 10. april 2019. Ein ny søknad må arbeidast ut med grunnlag i den fullstendige utlysingsteksten som vart lagt ut 27.januar.

I den fullstendige utlysingsteksten er det nemnt desse føringane, og som tener som «knaggar»:

- Bærekraftige og effektive produksjonssystemer og verdikjeder i konvensjonelt og økologisk jordbruk (under Jordbruk og mat)
- Prosesser og tiltak i jordbruket som bidrar til reduserte klimagassutslipp og betre karbonbalanse. Det ønskes livsløpsanalyser og kunnskap om klimaavtrykk frå ulike verdikjeder, samt hvordan jordbrukspraksis påvirker økosystemet (under Miljø og klima)
- Klimatilpasset produksjon og utvikling av tilpasningsstrategier for økt norsk matproduksjon og matsikkerhet i møte med nye klimatiske forhold og utfordringer (under Miljø og klima)
- Økonomiske og samfunnsmessige perspektiver ved norsk jordbruk og matindustri, herunder produksjon av kollektive goder, sysselsetting, samfunnssikkerhet og bosetting i distriktene (under Nærings- og samfunnsøkonomi)

I tillegg er det vist til:

- Forskingen skal være tilpasset norske forhold
- Overordnede føringene i jordbruksoppgjøret for 2018-2019 gjelder, punkt 7.2.5 om forskning og utvikling i Prop. 94 S (2017-2018)

"Midler til forskning og utvikling over jordbruksavtalen har som formål å støtte utvikling av ny kunnskap og teknologi til landbruks- og matsektoren. Forskning av høy kvalitet og med relevans for sektorens næringsliv skal bidra til økt matproduksjon, trygg mat og til bærekraft og konkurranseevne i sektoren. Styret for forskningsmidler over jordbruksavtalen skal ved utlysning og tildeling ta hensyn til behovet for kunnskap for reduserte utslipp av klimagasser fra jordbruket og økt lagring av karbon i jord og skog. Videre skal styret for forskningsmidler over jordbruksavtalen ved utlysning og tildeling bidra til oppfølging av [regjeringens strategi for bioøkonomi](#). "

Bakgrunn

Organisk jord utgjør om lag 600000 dekar av det dyrka arealet. Mest myrjord er det i fylka frå Sør-Vestlandet og nordover langs kysten. I Innlandet har Hedmark ein god del myrjord. Det aller meste av dyrka organisk areal i Noreg vert nytta til grasareal.

I rapporteringssystemet IPCC vert all dyrka norsk organisk jord rapportert som Cropland i TIER 1 m.o.t. frigjeving av lystgass (N₂O), då det ikkje føreligg fullgodt dokumentasjonsgrunnlag for å rapportera som Grassland med nasjonal verdi i TIER 2.

Det er fleire faglege utfordringar som det er ønskjeleg å skaffa betre forståingsgrunnlag av og betre dokumentasjonsgrunnlag av, både sett frå agronomisk- og miljømessig ståstad. Dette er av interesse både for norsk landbruksnæring, og for norske myndigheitsorgan og forvaltning.

I ein situasjon der NIBIO og samarbeidspartar vil arbeida fram ein ny prosjektsøknad med mykje av dei faglege problemstillingane som i førre søknad, torer vi å spørja om at de som var med å støtta søknaden då og ga tilsegn om økonomisk medveknad til finansiering av kravet om minst 20 % kontant medfinansiering frå næring og region vil vera med å støtta den nye søknaden med om lag same kontantsum som sist. I utlysingsteksten er det opplyst om at medverknad frå næring er avgjerande, og at næring vert kopla inn tidleg i søknadsprosessen.

Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp (PEATIMP) Førebels formulering,- er under arbeid og vil nok verta endra

Hovudmål

Leggje til rette for berekraftig grovfôrproduksjon på tidlegare dyrka organisk jord ved hjelp av omgraving og profilering, for å sikre stabile avlingar og lønnsemd på same tid som ein bevarer karbon (C) og nitrogen (N) i jorda og reduserer klimagassutslepp.

Delmål

1. Bestemme C- og N-balansen i omgraven og grøfta myr med grasdyrking i Fræna (Møre og Romsdal)
2. Estimere klimaavtrykket for fôrproduksjon på omgraven, profilert og grøfta myr
4. Studere faktorar som kontrollerer emisjon av N₂O og CH₄ gjennom inkubasjonsstudiar i lab
5. Undersøke endring i C- og N-lager i eksisterande langvarige omgravne myrer
6. Samanlikne hydrologi og infiltrasjonsevne for omgraven, profilert og grøfta myr
7. Forbetre agronomisk praksis ved å tilpasse lagelegheitsmodellen Terranimo® for organisk jord
8. Studere avlingseffekten ved omgraving og profilering av myr for ulike engfrøblandingar i ulikt klima
8. Estimere arealet av dyrka organisk jord som kan vere eigna for omgraving
9. Kalkulere lønnsemd og verdiskaping av auka produksjon ved alternative dreneringsmetodar

Økonomi, førebels estimering

-Estimert budsjett, totalt ca 12,7-13,2 mill kr.

-Av dette går til finansiering av stipendiat ca 3,5-3-7 mill kr. (prosjektperiode 4 år, der 3 år vert finansiert etter NFR satsar for stipendiat, og der fjerde år må ha anna finansiering)

-Støtte frå næring og region ca 2,6 – 2,8 mill kr.

Fureneset 20.02.2018

Samson Øpstad

